

FOSSSEGRI MEN



FOSSEGRIMEN

AV SIGURD ELDEGARD

MUSIKK MAGNUS STINNERBOM

I SAMARBEID MED FRIKAR DANCE COMPANY

TARJEI
FAR HANS
MOR TIL TARJEI/HULDREMØY
FOSSEGRIMEN/KAKSEN
AUD, DOTTER TIL KAKSEN
KAKSESONEN/KOLBEIN
MEISTERSPELEMANNEN/SMED-NILS/FOSSEKALL
DEN GAMLE KONA
BRURA/HAUGMØY
DOTTER TIL FOSSEGRIMEN
TUFTEKALL/LENSMANNEN
PER LARBERG/TUFTEBROR
OLA NORIGAR'N/NISSEFAR

Musikarar

DANIEL SANDÈN-WARG. ORKESTERLEIAR
ERLEND VIKEN/ERIK SOLLID
GEORG BULJO
CHRISTIAN SVENSSON

Igor Necemer
Paul Åge Johannessen
Heidi Gjermundsen Broch
Paul-Ottar Haga
Heidi Ruud Ellingsen
Jon Bleiklie Devik
Espen Løvås
Grethe Ryen
Inga Myhr
Silje Onstad Hålien
Ådne R. Geicke Kolbjørnshus
Torkjell Lunde Børsheim
Vetle Springgard

Hardingfele, bastardfele, strykeharpe, moraharpe, mandola og munnharpe
Hardingfeler, oktavfele, fiolin og mandolin
Gitarar, bouzouki, perkusjon, slaglire og trø-orgel
Perkusjon, slaglire, autoharp og elektronikk

REGISSØR
KOREOGRAF
SCENOGRAF
KOSTYMEDESIGNAR
MASKEDESIGNAR
DRAMATURG
MUSIKKANSVARLEG
LYSDESIGNAR
LYDDESIGNAR

INSPISIENT
SUFFLØR
REKVISITØR
SCENEMEISTER
LYSMEISTER
KOSTYMEKOORDINATOR

Leif Stinnerbom
Hallgrim Hansegård
Kari Gravklev
Inger Hallström Stinnerbom
Katja Langer
Carl Morten Amundsen
Magnus Stinnerbom
Torkel Skjærven
Nikolai Bergstrøm

Erlend Stamnes
Ilene Sørbøe
Finn Kirkeby
Karl Christian Eriksén
Christian Mathisen
Tommy Olsson

PREMIERE 8. MARS 2013 PÅ HOVUDSCENEN

FOTO
GRAFISK FORMGJEVING
I REDAKSJONEN

Erik Aavatsmark
Making Waves
Leif Stinnerbom, Ola E. Bø, Åsne H. Dahl Torp, Ida Michaelsen





FOSSEGRIMEN

ET HANDLINGSOVERSYN

Fattigguten Tarjei var så god til å spela fele at alle måtte stansa opp og lytta når han tok fram fela. I krokane vart det kviskra at han hadde fanteblood i årene og at han hadde lært seg å spela av dei underjordiske, ja, av sjølvaste Fossegrimen, sa folk.



*Men når presten frå preikestolen
fordømmer felespel og kallar fela
for djevelens verk, blir mor hans
redd for at det skal gå han ille
og prøver å få han til å slutta
med felespelet.*


Til den vesle bygda kjem det ein Meisterspelemann som har reist verda rundt og spelt for både kongar og keisarar. Han har høyrte om stortalentet og vil invitera han med seg ut i verda for å gjera han til stor fiolinist, til kunstspelemann.

Dette er det mange i bygda som ikkje likar, og størst misnøye er det blant dei underjordiske, både tuftekall og nissefar er redde for at dei skal mista spelemannen «sin».



*Men far til Tarjei ønskjer at han skal koma seg ut
i verda og ber han spela slåtten han lærde av
Fossegrimen for Meisterspelemannen.*






På den største og finaste garden i bygda planlegg dei bryllaup og son til Kaksen kjem og vil ha Tarjei som spelemann. Men det går ikkje så lett som han hadde tenkt. Tarjei let seg ikkje overtala av pengar i handa, han har lova seg vekk til Meisterspelemannen, seier han. Så kaksesonen må gå med uforretta sak og i fullt sinne.

Aud, dotter til Kaksen har eit godt auga til Tarjei og er veldig glad i spelet hans. «Alt blir lyst og lett når han spelar», seier ho. «Alle må dansa, både dei som er til og dei som ikkje er til «Tarjei sit åleine ved fossen med fela si og dei underjordiske prøver å overtala han til å bli verande hos dei og spela for den vene huldremøya. Han høyrer vakker musikk frå fossen og spelar opp ein vill slått som får alt til å dansa. Då kjem Meisterspelemannen forbi og får høyra den fantastiske slåtten som Tarjei fortel han har lært av Fossegrimen. Meisterspelemannen blir endå sikrare i si sak og dei avtalar å vera reiseklare om åtte dagar.

*No set dei underjordiske i gang ein stor fest for å få Tarjei til å bli,
og Fossegrimen lokkar han med dotter si. Til ingen nytte.*




A photograph of a man and a woman in traditional Norwegian folk costumes dancing on a stage. The man is on the left, wearing a grey jacket and patterned trousers. The woman is on the right, wearing a grey dress with a patterned skirt and a headscarf. They are both smiling and looking at each other. The background is dark and textured.


Men når Aud dukkar opp bruker dei henne til å hindra at Tarjei forlet bygda. I ein fortrolla svevn ber ho Tarjei om å bli; «Tarjei, guten min, reis ikkje frå meg!» Når Tarjei høyrer dette skjønar han at Aud elskar han og bestemmer seg for å bli hos jenta si. Men Aud, som no har vakna frå Fossegrimens søvnmagi, vil ikkje vera skuld i at han gir opp draumen om å bli ein stor musikar.

I kaksegarden er det bryllaup. Skikkeleg spelemann har dei ikkje, men nok av mat og særleg nok å drikka. Det kviler ei spent og dårleg stemning over bryllaupsfesten og krangelen sit laust. Smed-Nils og brudgommen småkjeftar heile tida og ei gammal kone som bur på garden skjønar at noko overnaturlig er på ferde. Aud kjenner òg på misstemninga, då Tarjei brått og uventa stig inn i bryllaupsgarden. Han måtte berre koma attende og treffa Aud ein siste gong før han gjev seg i veg saman med Meisterspelemannen. Alle blir dansande glade for at den beste spelemannen i bygda er komen, og Kaksen tvingar han til å spela nokre slåttar. Når så Kaksen plutselig kunngjer planen sin om å gifta bort Aud til ein riking blant gjestane, tar bryllaupet ei ny vending.






Tarjei er i fullt opprør, og med eit par drammar under vesten spelar han den eine ville slåttan etter den andre, til slutt den slåttan han lærde av Fossegripen. Det var eit skjebnesvangert val, villskapen i slåttan set sitt preg på heile bryllaupslaget. Dansen blir sanselaus, villare og villare. Det heile toppar seg i eit nappetak mellom Smed-Nils og brudgommen og det endar med at brudgommen ligg daud att på dansegolvet. Det er ingen tvil om kven som er gjerningsmannen, men så snur stemninga seg mot spelemannen, og mor hans prøver å redde sonen ved å gje Fanden skulda for Tarjei sitt besettande spel. «Ja, Gud hjelpe og trøyste oss alle, og meg mest, som har eit slikt satans barn!» Men alle vender seg mot Tarjei og skrik hysterisk, «Ut med den vonde, ut med den vonde». Alle bortsett frå Aud. Ho bryt no med faren og blir med Tarjei til eit liv i fattigdom i ei lita stove ute i skogen.



Så går det eitt år. Aud har utan å lukkast prøvd å få til forlik med far sin. Han er blitt bitter og inneslutta og orkar ikkje ein gong å stå opp frå senga. Han vil gjera Aud arvelaus og prøver å få enka etter den drepne sonen til å ta imot garden som gåve mot at ho tar seg av han i hans alderdom. Men svigerdottera takkar nei, same kor mykje han betaler, så lenge han ikkje vil forsona seg med si eiga dotter. Den gamle, mystiske kona minner han òg om at han har vitna falsk i saka mot Smed-Nils og kan bli skuld i at han blir dømd frå livet. Men Kaksen er strid og vil ikkje gje seg. Heller ikkje då Audun, far til Tarjei kjem og ber for Aud og den vesle son hennar, snur den gamle formørka sta-beisen. Men då kjem den gamle kona med ei avsløring som gjer sterkt inntrykk på Kaksen og brått får han til å stå opp og forlata sengekammerset.

Det er julekvelden. Smed-Nils har rømt frå kasjotten og er på flukt ute i skogen med lensmannen og folka hans hakk i hel.



Ein annan stad i skogen står ein forvirra Tarjei og drøymmer seg vekk. Han ser inn i fossen, snakkar over seg og villar omkring. Til slutt kastar han seg ut i vatnet. Fossegrimen lovar han dotter si om han berre vil bli hos dei. Først let han seg lokka, men i siste augeblikk ser han kor det ber og skrik i si djupaste naud; «Vik frå meg!!» No blir fortrollinga broten og han kjem seg vidare.

Heime i stova ventar Aud og Vesle-Jon utolmodig på Tarjei. Men det er ikkje han som kjem, det er den flyktande brotsmannen Smed-Nils. Aud gøymer hån i koven då ho høyrer dombjøller utanfor, og like etter kjem Kaksen i storsleden sin. Det blir eit dramatisk møte mellom drapsmannen, Kaksen og Aud. Ho lykkast å få dei to mennene til å respektera jolefreden og Kaksen let Smed-Nils koma seg unna.

*Far og dotter blir forsona og Kaksen
dreg igjen etter å ha lova å henta
heile familien heim til seg neste
morgon. Når så Tarjei til slutt
vender heim, utmatta og fortumla,
kjem det til eit oppgjjer mellom han
og Aud. Er det muleg for dei unge
elskande å få til eit liv saman?
Og til slutt dukkar det opp ei
mystisk julegåve!*



EI UNIK UNDERJORDISK VERD

AV BIRGER SIVERTSEN

Hadde amerikanarane hatt vår spennande folketru med alle våre mytiske vesen, er det kanskje tvilsamt om «Star Wars» og andre science fiction-filmar hadde sett dagens lys. For då hadde dei hatt ei unik, underjordisk verd å lage film av, med action, innslag og karakterar som langt overgår det dei er i stand til å førestille seg. Eit beskjedent døme er at vi her på berget fortalde kvarandre historier om troll som døydde straks sola skein på dei – lenge før nokon dikta opp menneskelege vampyrar som leid same lagnad. Så mange ulike skapnader har vi faktisk at dei er delte inn i to grupper; dei som budde på land (landvetta), og dei som heldt til i vatn (vassvetta).

Den spennande folketrua vår er svært gammal. Noko av den har røter i norrøn mytologi – der vi får vite korleis dei førestilte seg då verda blei skapt, og dermed også bakgrunnen for seinare førestillingar om vesen og skapnader i mytar, segner og eventyr. Folketrua er også nært knytt til landskapet, for busetnaden vår har vore små og isolerte grender over store område. Det er ein viktig grunn til at folketrua blomstra fram til langt utpå 1800-talet, og levde endå lenger. Mykje lenger. Eit sitat frå Hamar-området for berre hundre år sidan (1910-1920-åra) seier:

«De Underjordiske er til ogsaa i vore Dage, men de har ikke den samme Magt som før. De gaar med randede Klær.»

Vi har til og med kjennskap til at enkelte familiar fram til 1940-åra sov på halmseng på stovegolvet julenatta. Ikkje berre for å identifisere seg med Jesu fødsel, men like mykje i frykt for dei underjordiske. Det var ei veldig skummel og truande natt, der alskens vonde makter var på ferde. Då søkte ein saman for å gi støtte til kvarandre, og sov på skift. I dag skjer nok ikkje noko slikt, men folketrua lever vidare hos overraskande mange personar. Så seint som i 1990-åra kunne vi derfor lese i avisene om folk som hadde treft på både tussar og huldrer, og hadde ingen problem med å innrømme det.

Skapnadene i folketrua var naturlegvis òg relaterte til naturen, som bondesamfunnet var så avhengig av. Alle dei meir eller mindre skremmande skapnadene hadde nemleg ein funksjon på ein eller annan måte. Trua på tussane gjorde til dømes at folk var forsiktige med å gjere galne ting for å tirre dei. Det var lite lurt, for dei hemna seg alltid. På den måten fungerte tussane som eit slags politi – som følgde med på det menneska gjorde,



om det så var rovhogst, jakt, tjuveri eller snyting. Slik oppstod den delen av folketrua som handlar om påbod, forbod, reglar og vern. For ingen ønskte jo å komme i konflikt med verken tussar eller andre skumle vesen. Det kunne gå riktig ille, og vi har eit vell av segner som vitnar om slike hendingar.

Fleire andre skapnader hadde òg ei preventiv rolle i dagleglivet. Tenk berre på nøkken, dette musikalske og vondskapsfulle vesenet som levde i vatn og elver, og som lokka til seg menneska for å drukne dei. Trua på denne skapnaden gjorde at mange barn forlangte at foreldra skulle bli med til vatnet, for det kunne vere farleg å bade. Dei drog i alle fall ikkje dit åleine, og det hindra nok mange barn frå å drukne. Nøkken har ein slektning som heiter fossegrimen, og likskapen mellom dei er påfallande: Begge kan skifte ham og ta form av andre skapnader, og begge er svært musikalske av seg, og lærer frå seg felespel. Men medan nøkken berre held til i vatn og elver, høyrer fossegrimen til i fossar og stryk. Av nokre blir han òg kalla kvernknurren eller kvernkallen, og som kvernknarren er han den einaste av vetta våre som har fått eigen merkedag på primstaven (1. september). Eigentleg var fossegrimen og kvernkallen to ulike skapnader, men tradisjonen har seinare blanda dei saman til eitt og same vesen. Det er truleg at fossegrimen blei tatt i bruk først, fordi førestillinga om dette vettet kan ha oppstått før ein byrja å bruke vasskverna (maling av korn). Den rå og ville krafta i fossane har pirra folks fantasi, og av den danna dei seg biletet av eit kraftig og sterkt vette i fossen. Av same grunn hadde fossane ein svært sentral plass i folketrua.

Fossegrimen er ein sjenerøs læremeister for spelemenn, sjølv om han er ein hissig type som kan valde mykje vondt. Ingen kan spele så uendeleg vakkert som han, og han har gitt inspirasjon til mykje musikk gjennom generasjonar. Vil ein lære hans eminente meisterspel så bør ein besøke han ein torsdagskveld, eller helst – tre torsdagskveldar på rad, på jonsokaftan eller nyttårsaftan. I bytte bør ein gi han ei offergåve, helst eit lam, eller i det minste

eit godt lammelår eller ein bog, så lærer han velvillig bort sine fenomenale kunstar på fele eller andre strengeinstrument. Men musikken som på den måten kom frå fossen, hadde sin pris; han var dragande og bar farlege krefter i seg – som trekte mot forderving og undergang.

Dess feitare offergåve ein gav, dess betre felespiller blei ein, men viss ein fuska ved å gi fossegrimen dårleg kjøt – blei ein straffa – ofte på det mest utspekulerte vis. Det skjedde ein gut frå Verdal i Nord-Trøndelag. Han kasta eit halvete kjøtlår til fossegrimen som heldt til i Dillfossen. Straks kom det frå fossegrimen:

*Du skal få lære å spele,
men du skal ikkje få lære å stemme!*



Og slik gjekk det til. Guten blei flink til å spele, men han klarte aldri å få stemt fela.

På same vis som med andre underjordiske vesen var også fossegrimen godt beslått med sølv, gull og pengar. Nokre av dei var òg gifte, og unge kvinner måtte vakte seg for ugifte fossegrimar, for dei kunne rett og slett bergta dei. Då måtte ho freiste resten av livet i fossen, også det har vi mange segner om.

Det er denne skapnaden vi skal få treffe i kveld.





GRIMEN

Eg er ein som ingen kjenner,
aldri lik frå stund til stund.
Eins med fossen stødt eg renner
utfør stup og ned i grunn.

Eg er ein du berre anar
som eit spel i veldig sus.
Ein som myrke sjeler manar
inn til seg i grime-rus.

Eg gjer alle meir åleine
lik ein ven du aldri vinn,
for om meg kan ingen meine
at dei fram til hjarta finn.

Eg er tru i den som tvilar.
Eg er tvilen i kvar tru.
Eg er fredløysa som filar
otten under band og bru.

Knut Buen



DET NORSKE TEATRET

100
AR



MAKING WAVES 

 DETNORSKE  OBOS



Depotbiblioteket



76g1 36 244